

Forskrift om rapportering av talet på barn og årsverk for private barnehagar i Etne kommune.

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Etne kommune [dato] med heimel i [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#) §§ 19 og 19a og forskrift 23. mars 2026 nr. 454 om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) §§ 3 og 5.

§ 1. Formål

Føremålet med forskrifta er å fastsetja lokale reglar for rapportering av tal på born og årsverk som skal nyttast ved berekning og justering av kommunalt tilskot til private barnehagar i Etne kommune.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for private barnehagar i Etne kommune som har rett til tilskot etter barnehagelova § 19.

§ 3. Rapporteringsplikt

Private barnehagar skal rapportera følgjande opplysningar til kommunane på dei fastsette rapporteringspunkta:

- a. Talet på born
- b. Alderen til borna
- c. Opphaldstid
- d. Talet på årsverk barnehagen har pensjonsforpliktingar for, i samsvar med pedagognorma, bemanningsnorma og barnetalet

Heile barnegruppa skal teljast og rapporterte opplysningar skal samsvara med opplysningane som er registrerte i kommunen sine administrative system.

§ 4. Rapporteringsdatoar

Private barnehagar skal rapportera opplysningane etter § 3 i denne forskrifta per følgjande datoar:

- a. 15. desember (året før tilskotsåret), jf. § 5 førsteledd i finansieringsforskrifta
- b. 15. august i tilskotsåret

§ 5. Tilskotsperiodar og grunnlag for tilskot

Barnetal per 15. desember dannar grunnlag for berekning av tilskot for dei sju første månadane, perioden 1. januar til 31. juli.

Barnetal per 15. august dannar grunnlag for berekning av tilskot for dei fem siste månadane, perioden 1. august til 31. desember.

Tilskotssatsane vert fastsette årleg i lokal forskrift. Tilskot til den einskilde private barnehage vert fastsett gjennom einskildvedtak i samsvar med gjeldande regelverk.

§ 6. Nærare krav til rapportering

Kommunen kan fastsetja nærare administrative krav til rapporteringsformat, dokumentasjon og frist for innsending.

§ 7. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2027.

